



ÅRDAL KOMMUNE

Årsmelding 2014



Kommunalt råd for funksjonshemmede

"I eit likestilt samfunn er alle like verdt"

Diskriminerings- og tilgjengelova tredde i kraft 1. januar 2009

Postadr.:
Årdal kommune
Postboks 40
6881 Årdalstangen

Telefon: 57 66 50 00
Telefaks: 57 66 50 15

Bankgiro:
3730.07.00153

Org.nr
954 679 721

E post:
postmottak@ardal.kommune.no

Heimeside
www.ardal.kommune.no

Styresamansetting i Kommunalt Råd for Funksjonshemma 2014

Nina Hunderi, leiar
Olav Nese, nestleiar
Dag Audun Strand, styremedlem
Arne Nygård, styremedlem
Judit Solheimslid Linga, styremedlem

Sekretær: Ellen Marie Haug

Kommunalt Råd for Funksjonshemma avvikla i 2014 7 møter og handsama 14 saker.

Viktige saker som vart handsama i 2014:

Sluttrapport "Omsorg i Fokus" – kommentarar

Delprosjekt 2: Kompetansetiltak

KRF ser det som svært positivt at tilsette får vere med å bestemme kva kompetanseheving dei treng og ønskjer.

Delprosjekt 3: Vikarpool

KRF skulle ønska at prosjektleiarstillinga hadde vore som Hartmarkrapporten anbefalte, 100% stilling i 2 år, for å kunne utbetre dei ulike prosjekta enda betre. Dei føreseler at personar i innsatsteamet kan jobbe i vikarpool. Brukar da felles personalressursar.

Delprosjekt 4: Samordning butiltak, Asvo og vaksenopplæring

KRF tykkjer det er bra at det er oppretta ei prosjektgruppe som skal vurderer endra organisering av aktivisering- og sosialiseringstilbod for brukarar med liten arbeidsevne.

Delprosjekt 5: Pårørandedialog

Det blir sett i gang årlege samtalar med pårørande og leiing der det blir brukt faste skjema med sjekkpunkt. Dette for å få ei god samhandling og samarbeid, få til gode prosedyrar og systemtiltak. Viktig med gjensidig respekt.

KRF er positive til dette tiltaket.

Delprosjekt 6: Utvikling av nye butiltak

Det skal haldast eit myldringsmøte med pårørande, boligbyggelaget, Nav og Husbanken.. Målet er at den enkelte brukar som ønskjer det kan skaffe eigen bustad. Må kartlegge interessa. Det finst gode finansieringsmoglegheiter gjennom Husbanken og Nav.

KRF er positive til nærverande leiar i bustadene.

Felles legekontor

KRF hadde følgjande innspel til saka:

1. Kommunalt Råd for Funksjonshemma føreset at teikningane er utarbeidd etter lov om Universell utforming, der det m.a. vert teke omsyn til rullestolbrukarar, blinde, høyrslhemma og størrelse på heis.
2. Rådet føreset at utvendig tilkomst/parkeringsplass for rørslehemma vert ivareteke.

Innspel til programnemnda i AP

Oppvekst og omsorg:

- Fast personell for born med spesielle behov som følgjer barnet frå barnehage til bustad.

Helse- og sosialpolitikk:

Tillegg i prikkpunkt 3:

Arbeide for å auke fritids- og aktivitetstilbodet for eldre/uføre og fysisk og psykisk funksjonshemma.

Tillegg i prikkpunkt 7:

Oppretthalde eit godt tenestetilbod innan fysioterapi og ergoterapi og logopedi.

Prikkpunkt nr. 5, 10, 11 og 12 må ikkje fjernast frå programmet.

F-sak 067/14 Etablering av dagsenter for demente

KRF støttar tilrådinga i saka.

Budsjett 2015 – omdisponeringar i omsorgstenestene

KRF kom med følgjande innspel:

Kommunalt Råd for Funksjonshemma ser at kommunen må gjere innsparing også innan omsorgstenestene.

KRF støttar at AD-bustaden blir midlertidig nedlagt, men at bygget blir teke i bruk til dagsenter for demente.

Det er ønskjeleg at bustaden blir tilbakeført til det opprinnelege føremålet når økonomien tilseier det.


Nina Hunderi
Leiar


Ellen Marie Haug
Sekretær